

Møtereferat fra årsmøte i Herdla kyrkje 16.03.2025

Først hadde vi kyrkjekaffi, og etterpå starta vi årsmøtet. Dei som ikkje skulle vere med på årsmøtet fekk då gå. Vi var då 10 personar igjen på årsmøtet.

Det vart lest opp og gjennomgått årsmelding frå 2023/24, fordi det var sjukdom i fjar og derfor inga årsmelding.

Etter at opplesinga var over, fekk dei som var der stille spørsmål, og komme med forslag til tiltak vi må prøve å få gjort noe med. Det vart merka at det gjekk mykje pengar til bevertning, men at det kan skyldast at vi hadde innviing av den flotte kyrkjelydssalen med snittar og bløtkaker, og maten har blitt dyrare.

Rekneskapet vart gått gjennom, og blei forklart så godt ein kunne.

Rune Øystese fortalte fra turen han hadde til Estland, som er vårt misjonsprosjekt. Han var utsendt frå Herdla sokneråd i fjar. Han sa at det var stort behov for økonomisk støtte det til den nye kyrkja som var bygd.

Skriv fra Alive, fra diakonane og konfirmantarbeidet fekk folket med seg heim så dei kunne lesa det heime.

Så til forslag fra noen av dei som var på årsmøtet:

1) Det vart foreslått at vi kunne få opp noen tekstilar på veggene i kyrkjelydssalen. Det er så mykje akustikk når folk

pratar, og det kan hjelpe å få opp noen tekstilar på veggane. Vi må nok søke om å få henge opp noe.

2) På power-point på veggen kan det vere vanskeleg å sjå teksten dersom det er sol. Då er det betre med svarte

bokstavar slik at det blir betre å lese teksten.

3) Vi ønsker ein skjerm oppe i koret på veggen bak talarstolen, slik at presten og dei andre som sit i koret kan følgje

med på det same som skjermen i kyrkja viser. Lettare å følgje med då.

4) Dei to store høgtalarane oppe i kyrkja er for dominerande, vi bør snu dei og få lyden ut til folket. snu dei andre

vegen.

5) Rekkverket på veg opp til koret må på plass på begge sider. der kan vere vanskeleg for noen å gå opp ved f.eks.

nattverd eller ved offer.